V Å G Å F J E L L S T Y R E M Ø T E B O K

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F847	Knut Øyjordet	11.09.19	33/19

SØKNAD OM RIVING AV PÅBYGG PÅ SETERSTUE OG BYGGING AV NYTT PÅBYGG – INGA BERIT OG KNUT BØ

Saksdokument:
Søknad frå Inga Berit og Knut Bø av 03.09.19 med vedlegg.

Saksutgreiing:
Inga Berit og Knut Bø søkjer om å få renovert eine seterstua på setra ved Tesse. Det er planlagt å rive eit påbygg på ca. 36 m2 og føre opp eit nytt påbygg på ca. 54 m2. I seterregisteret står stua oppført på ca. 67 m2 (utvendig mål). I søknaden skriv dei at det blir hausta fòr på setra i dag og beiting med eigne dyr. På setra elles står det ei seterstue på ca. 45 m2, fjøs på ca. 25 m2, ein låve på ca. 27 m2, to uthus/skåle på ca. 24,5 m2 og 16,5 m2 og ei steinbu (aurbu) på ca. 6,5 m2. Teikning av ny stue og situasjonskart er vedlagt saka.

Vurdering:
Det er slik at fjellstyret skal vurdere behovet for bygningsmasse på ei seter. Drift på setra er produksjon og sal av fòr og hamning av seterkvea med eigne dyr. Med to seterstuer skulle dagens bygningsmasse tilfredsstille behovet. Men generelt vil det før eller sidan melde seg behov for vedlikehald av bygningsmasse på ei seter, og det er positivt at bygningar blir vedlikehalde. Behov og bruken av bygningar på ei seter kan også endre seg med tida etter drifta på garden. I dette tilfelle vil ikkje den planlagde renoveringa og med nytt påbygg medføre ei vesentleg utviding av seterstua. Difor bør søknaden bli imøtekomen.

Innstilling til vedtak:
I medhald av § 10 i ”Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenningane” får Inga Berit og Knut Bø løyve til å renovere eine seterstua slik det blir søkt om. Sjølv om dei har to seterstuer på setra, og nyttar setra i dag til fòrproduksjon og hamning med eigne dyr, har fjellstyret forståing for behovet for restaurering, og kan difor godkjenne at stua blir utvida litt i forhold til i dag. Løyvet blir gjeve under vilkår av at Statskog ikkje har nokon merknad. Løyvet er heller ikkje å oppfatte som byggjeløyve etter plan- og bygningslova, og det må såleis innhentast løyve frå kommunen.

Vedtak: Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:
Statskog
Inga Berit og Knut Bø

Kopi til:
Vågå kommune

Vågåmo, 12.09.19

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no